



Vår saksbehandler  
Ann-Hege Hanstad – tlf 57 72 32 57  
E-post: aha@fmsf.no

Vår dato  
12.10.2005  
Dykkar dato  
06.07.2005

Vår referanse  
2005/3930 - 530  
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

## Fråsegn til forskrift om berekraftig skogbruk

Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane hadde saka oppe på styremøtet 11.10.2005.  
Ut frå saka kjem også fylkesmannen sitt fråsegn fram.

Vert også sendt til postmottak@lmd.dep.no

Med helsing

Per Ingolv Nygård  
landbruksdirektør

Ann-Hege Hanstad  
rådgjevar

Vedlegg

# MØTEBOK

Saksnummer: 140005-10002 AFS	Kommune:
Møtedato: 11.10.2005	Sakshandsamar: Ann Hege Hanstad

## Høyringsutkast – Forskrift om berekraftig skogbruk

### Landbruksdirektøren si saksutgreiing:

Vi har motteke høyringsutkast for Forskrift om berekraftig skogbruk til uttale, med svarfrist 04.10.2005, sjå vedlegg 1. Forskrifta inneheld miljøomsyn, forynging etter hogst og tiltak mot skadar på skog.

I den nye skoglova vart det, i Ot.prp. nr 28 (2004-2005), fremma forslag om ei miljøforskrift. Landbruks- og matdepartementet meiner at miljøforskrifta må bli sett i samanheng med skogbruket si eiga miljøsertifisering, at den gir fridom under ansvar og ikkje legg nye byrder på skogeigaren, og at den skal fungere som eit sikringsnett i forhold til den frivillige sertifiseringsordninga. Departementet legg og vekt på at dei som har slutta seg til dagens sertifiseringsordning vil dekkje dei krava som ligg i miljøforskrifta.

### Vurdering av forskrifta

Miljøomsyn, § 2-2 Miljødokumentasjon og miljøregistreringar

Med ei forskrift som seier at hogst normalt berre kan skje i dei områda det er gjort miljøregistreringar, om ikkje skal Levende Skog sine standardar liggje til grunn, vil behovet for pengar til miljøregistrering vere enda større enn det er i dag. Landbruks- og matdepartementet bør finne midlar til ei større satsing på dokumentasjon- og miljøregistrering i skog, slik at skogeigarane og kommunane kan følgje forskrifta i praksis.

Miljøomsyn, § 2-3 Miljøomsyn ved skogbrukstiltak

I nokre naturreservat er treslag som ikkje er stadedgne uønska og trea blir hogd som ein del av skjøtselstiltaka. Den nye miljøforskrifta må ikkje stå i strid med slike tiltak.

Om den nye naturmangfaldlova vert vedteken, vil den kome inn på ein del ting som også gjeld skogbruket, og i den samanheng er det relevant å diskutere kor grenseflata mellom desse lovverka skal gå. Ein bør i alle fall unngå unødig strid mellom miljøkrav etter ulike lover. Med den nye skoglova, den frivillige sertifiseringsordninga og denne nye miljøforskrifta, bør ein konkludere med at skogbruksnæringa oppfyller naudsynte miljøkrav.

Forynging etter hogst, § 3-3 Tettleik og treslag.

I høyringsutkastet til miljøforskrifta er det laga ein tabell for tilfredsstillande forynging, i gran-, lauv- og furudominert skog, målt i plantetal pr dekar. Ut frå tabellen kan du sjå to rader, ei for tilrådd- og ei for minste lovlege plantetal pr dekar i forhold til dei ulike bonitetsklassane. I høyringsutkastet er det forskjell på tilrådd- og minste lovlege plantetal pr dekar. Vi meiner at lågaste tilrådde plantetal pr dekar bør vere likt med minste lovlege plantetal pr dekar, også med tanke på det treetekniske. Ta G26-G20 som eksempel (vedlegg 2): tilrådd plantetal ligg mellom 300-180 planter pr dekar, mens 150 planter pr dekar er minste lovlege plantetal. Minste lovlege plantetal bør aukast til 180 planter pr dekar. Vi foreslår derfor justering av minste lovlege plantetal, sjå tabell under.

# MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 2

Saksnummer: 140005-10002 AFS	Kommune:
Møtedato: 11.10.2005	Sakshandsamar: Ann Hege Hanstad

	Gran- og/eller lauvdominert skog			Furudominert skog		
	G26-G20	G17-G14	G11-G6	F20-F17	F14-F11	F8-F6
Tilrådd plantetal pr dekar	300-180	230-130	140-60	340-190	240-120	130-80
Minste lovlege plantetal pr dekar	180	130	60	190	120	80

## **I samsvar med fullmakt frå fylkesmannen gir landbruksdirektøren ei slik innstilling:**

Fylkeslandbruksstyret syner til saksutgreiinga frå landbruksdirektøren og har desse merknadane:

- Miljøforskrifta bør ikkje vere til hinder for å hogge alle tre som er uønska, dersom det er ynskjeleg ut frå skjøtsel av til dømes verna område.

- I miljøforskrifta bør lågaste tilrådde plantetal pr dekar vere likt med minste lovlege plantetal pr dekar.

## **Handsaming i styremøte 11.10.2005:**

Styret drøfta saka.

## **Jorunn Eide Kirketeig gjorde slikt framlegg til vedtak:**

Fylkeslandbruksstyret meiner primært at Levende Skog ivaretar intensjonane i miljøforskrifta på ein framifrå måte, og at det difor ikkje er trong for noko miljøforskrift.

Blir forskrifta likevel innført sluttar Fylkeslandbruksstyret seg til landbruksdirektøren sine merknadar.

## **Avrøysting:**

Eide Kirketeig sitt framlegg vart samrøystes vedteke.